

Referat

frå møte mellom Statens Vegvesen, Hordaland Fylkeskommune og Lindås kommune,

tirsdag 19.01.2016

Stad : Lindås kommune, Rådhuset

Tilstades:

- Astrid Aarhus Byrknes, Lindås kommune
- Nina Bognøy, Lindås kommune
- Olav Finne, SVV
- Kjell Erik Myre, SVV
- Håkon Rasmussen, HFK
- John Martin Jacobsen, HFK
- Ståle Hauge, Lindås kommune
- Ørjan Raknes Forthun, Lindås kommune
- Hogne Haugsdal, Lindås kommune
- Arnold Matre, Lindås kommune
- Arne Eikefet, Lindås kommune

Møtet var initiert av ordførar i Lindås for å samsnakke om aktuelle samarbeidstema og utfordringar vedr Knarvikplanen og planprosessen med ny trace for framtidig E39, ref agenda i møteinkalling i epost frå ordførar av 18.01.16.

Etter innleiing frå Ordførar orienterte assisterande rådmann Hogne Haugsdal om godkjenninga av områdeplanen for Knarvik som vart politisk godkjent i kommunestyremøte 18.juni 2015.

I same møte vart det vedteke kva rolle kommunen skal ha for gjennomføring av planen. Dette siste inkluderer nødvendige ressursar for etablering av utbyggingsavtaler og organisering av praktisk gjennomføring av planen, inkl utgreiing av finansieringsløysingar.

I kommunen sin økonomiplan er det sett av til saman 25 millionar her over ein 4-årsperiode til forskotering av tiltak. Dette siste kan vere aktuelt å nytte ved eit tilsegn om forskotering av prosjektering av E39-delen, - og andre prosessar. Dette utan vidare kommunestyrevedtak.

Frå ordførar vart det uttrykt eit stert behov for å kome konkret vidare i prosessen. Olav Finne viste her til uttale i epost frå sakhandsamar Inge Alsaker (SVV) om at kommunen kan sende inn søknad om slik forskotering og rår til at Alsaker vert konferert direkte om dette.

Om prosjekteringa er aktuelt å utføre direkte av SVV eller av innleidd konsulent er ikkje avklart og Finne kjem tilbake til dette overfor kommunen. Det same gjeld i kva grad han ser for seg at det blir SVV som gjennomfører byggeprosjektet for E39 eller om dette foreslåast overlate til andre.

Arne Eikefet informerte om det kommunale hastverket med å få plassert det nye vegnettet i rett høgde. Helsehuset som er i prosjektering på tomten der Statens Vegvesen var, skal ha tilkomst til ein framtidig Kvassnesveg som ligg langt lågare enn dagens veg og som ligg nært den ovale rundkjøringa. Vidare er det framtidige allmenningsområdet utanfor helsehuset svært sårbart for avvik i høgde på

E39 si 4-feltsbru over allmenningen. Her skal det renne ein viktig overflatebekk på allmenningsområdet, med nok høgde opp til bruhimling og i tillegg fall ned utforbi Helsehuset sitt inngangsparti. Dette er svært høgdekritisk.

Finne bekrefta SVV si forståing av dette behovet og hastverket. Vidare tok han opp rundskriv frå Vegdirektoratet vedr rundkjøringar som uønskt element på nasjonale hovudvegar. Han meinte det neppe var naudsynt å søke om dispensasjon ved den ovale rundkjøringa i Knarvik. For endelig stadfesting ville han eller Myre imidlertid gje ei formell tilbakemelding om dette.

Myre poengterte den grundige planprosessen med den ovale rundkjøringa og rådde frå å starte eit lokalt arbeid med å fjerne denne. Vidare var det klart at trafikkprognosane for lokaltrafikken i Knarvik betydde at 4-feltsvegen måtte på plass, uavhengig av framtidig trase for E39. Han foreslo å dele opp den føreståande prosjekteringa opp i to deler, eit forprosjekt vedr kryssing over allmenningen og eit prosjekteringsoppdrag vedr oval rundkjøring med sidearmer.

SVV har vurdert den ovale rundkjøringa, inkl erstatningar i forbindelse med Shell-stasjonen, å koste om lag 70 mill.

Frå rådmannen vart det framheva at anleggsgjennomføring her var svært krevjande og både han og ordfører ville gjerne ha avklart om lyskryss likevel kunne vere eit alternativt, om enn for ein del år framover. Ståle Hauge kommenterte at problema med trafikkoppething ved lyskryssløysinga kanskje kunne kompenserast med trafikkavlasting på alternative trasear i det sentrale Knarvik og ikkje rett inn på E39. Både han og ordfører var opptatt av å få rimelegare løysingar i første fase av ei utbygging, men gjerne med sterkt tilpassing til framtidige løysingar i områdeplanen.

Ettersom kommunen poengterte dette så sterkt rådde Myre kommunen til å få Helge Hopen til å gjennomgå dette i ein rapport, om ikkje eksisterande trafikkanalyser var tilstrekkelig klargjerande. Dette burde i så fall gjerast parallelt med forprosjekt for E39-kryssing over allmenningen.

Frå HFK vart det understreka at det ikkje vart aksepert enkle trafikkløysingar om desse ville forårsaka vesentlige problem for avvikling av kollektivtrafikken i Knarvik.

Vedr Skysstasjon ser det pr i dag ut som om denne kan tilpassast ei eventuell senking av Kvassnesvegen i området og at kollektivtrafikken kan la seg avvike i ein byggefase av denne senkinga. Imidlertid er framdrifta i ei flytting av Skysstasjonen avhengig av kva som skjer på nabotomten (COOP), i tillegg til framdrift for etablering av allmenning og 4-feltsveg-delen av E39.

Vedrørande den starta planprosessen for framtidig E39-trace påpeika Arnold Matre den særlege vektlegginga som regionsenteret Knarvik må ha ved valet av løysing. Både dagens underjordiske løysing mot Gjervik og ei forsiktig avvinkling av denne under deler av senteret vil være sterkt hindrande for parkeringsløysingane og dermed utvikling av senteret. Vidare vil ei sterkt involvering av problematikken med E39-kryss på Flatøy/Midtmarka vere svært uheldig for framdrifta av ny trace mellom Knarvik og Ostereidet, og særlig for Knarvikområdet.

Finne kommenterte med at framtidig E39 også skal betjene Flatøy og at SVV ikke kan oversjå dette i planprosessen. Både Finne og Myre poengterte at SVV ønskjer at framtidig E39 finn si løysing utanom Knarvik.

I det vidare arbeidet med både utbygging av dagens E39 i Knarvikplanen og i planprosjektet med ny framtidig trace blir Kjell Erik Myre SVV sin kontaktperson overfor Lindås kommune.

På spørsmål frå ordførar var det omforeint rundt bordet at det skulle vere jamlege overordna samarbeidsmøte tilsvarande dette i framtida, i tillegg til dei meir tekniske møtene.

Oppsummering vidare tiltak:

Tiltak	Frist	Ansvar
Kontakt med Inge Alsaker, SVV	Snarast	Arne Eikefet /LK
Søknad om forskottering	Snarast	Arne Eikefet/Lk
Avklaring utførande prosjektering	Snarast	Olav Finne/SVV
Avklaring byggherre E39-del i Knarvik	Snarast	Olav Finne/SVV
Avklaring oval rundkjøring og rundskriv	Snarast	Kjell Erik Myre/SVV
Forprosjekt E39-løysing over allmenning	Snarast	Arne E / Kjell E Myre
Evt. ny rapport om trafikklys-løysing	Snarast	Arne Eikefet/Lk
Innkalling nytt møte i denne gruppa	Ved behov	Arne Eikefet/Lk

Knarvik, 19.01.2016

Arne Eikefet
-referent